



To uskedelingar som likar å svinga seg er Berit Harriet og Ivar Kåre Døsland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Trass i hardt ver med hard vind og piskande regn kom det nærare 200 på låvedansen på Dønhaug Gjestegard laurdagskvelden. Magne Huglen trong 300 for å få overskot, men var nok likevel nøgd med kvelden.

Han kan sjølv sagt ikkje rekna med overskot kvar gang og no har han sikkert ryggrad til å ta ein baksmell etter ei rad med suksess-konsertar.

Sjølv om det nærmast storma ute, var det lunt og triveleg inne i låven, for det var montert eit svært effektivt varmeanlegg. Til og med opp på orkesterpodiet gjekk det ein eigen "varmeslange" og det var ikkje noko som tyda på at gitaristene fekk stive fingrar!



Arly Karlsen er ein "tung" countryartist. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Dei linedansfrelste hadde også god plass til å utfalda seg denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

To band spela denne gongen, og det var eit fint vekselspel mellom bandet utanfrå og det lokale. Ikkje til forkleinelse for Arly Karlsen & The Black Beat Band, men det var nesten meir liv på golvet då EDO sette igong.

Arly har optrådt på prestisjefylte arenaer og fått stor merksemd frå TV- og radiostasjonar verda over. Han har turnert i Europa, USA og New Zealand og sunge med lillesystema til Johnny Cash! Den kjente countrysongaren og bandet hans har i den seinare tid opphalde seg i Nashville for å spela inn ein CD som blir lansert her heime i neste månad. Bandet ligg sjølv sagt på eit høgt nivå, men "våre eigne" musikarar er sanneleg ikkje borte dei heller!

Lars Johan Ekeland (vokal), Finn Tore Hellesen (gitarar), Ove Eikemo (bassgitar og også instruktør for unge trommeslagarar i Uskedalen!), Jan Kristian Hellesen (trommer) og Frode Kaldestad (tangentinstrument og trekkspell) held framleis koken og får det verkeleg til å svinga! No ventar vi berre på den neste videoen!

Skjenkekontrollen var ikkje uventa til stades under låvedansen og hadde ikkje noko som helst å setja fingeren på.

Det var da også ein triveleg kveld der alle fekk utfalda seg utan å dytta borti kvarandre og kjempa om plassen.

Neste oppleving på Dønhaug blir den aller første utekonserten med ingen ringare enn "Dance with a stranger". Her tek Huglen ein skikkeleg sjanse.

Men før det skal han gå ein spanande runde med kommuneadministrasjon og politikarar. Han har bedt om å få treffe administrasjonen i eit møte og politikarane i formannskapet vil komma på synfaring 6. juni – i forkant av det neste møtet sitt.

Av Ola Matti Mathisen